Fråsegnsrapport

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Vedlegg til møte i fylkesutval 25.11.2025

Innhald

1. Om høyringa 3

Generelt 3

Høyringsaktivitet 3

2. Overordna drøfting av innspel 5

Forholdet mellom regional plan og kommunalt sjølvstyre 5

Verkemiddel i regional planlegging 7

Temainndeling og detaljnivå 8

Plantema regionsenter og transportstruktur 8

Plantema berekraftig arealforvaltning 9

Plantema mobilitet og transport 10

Planprosess, organisering og medverknad 10

Kunnskapsgrunnlag 11

Samla vurdering 11

3. Vurdering av enkeltinnspel 12

1. Om høyringa

Generelt

Planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland har vore til høyring og offentleg ettersyn i perioden Høyring frå 26. august til 10. oktober 2025.

Det har kome inn høyringsinnspel frå 47 aktørar, der 22 av innspela er frå **kommunar**. Av desse har 18 kommunar behandla saka politisk før innsending av høyringsfråsegna. Innspela er gjennomgåande prega av ei positiv haldning til føremålet med planarbeidet og til forenklinga av det regionale plansystemet, med færre og meir samordna planar. Samstundes kjem det fram ulike syn på fylkeskommunen si rolle, detaljnivået i planen og bruken av verkemiddel.

Fylkesdirektøren vurderer at høyringa har gitt eit breitt og verdifullt kunnskapsgrunnlag som bidrar til å klargjere dei sentrale avvegingane for det vidare arbeidet med *Regional plan for areal og mobilitet*. Innspela viser stor interesse for temaet og eit tydeleg ønskje om samarbeid og forankring mellom fylkeskommunen, kommunane og statlege aktørar.

Høyring og offentleg ettersyn har ført til at det er tilrådd nokre justeringar og endringar i planprogrammet. Endringane er ikkje av eit slikt omfang at det er naudsynt med ny høyring. Fylkesdirektøren vil løfte fram nokre av dei innkomne merknadane under. Ein stor del av innspela er relevant å ta med seg i planarbeidet vidare, og desse innspela vert og lagt til grunn for arbeidet i dei ulike temagruppene framover.

Høyringsaktivitet

Det har vore arrangert digitale møte for å bidra til eit godt grunnlag for høyringsuttalar:

02.09.2025: Regionalt planforum. I møtet deltok dei fleste statlege og regionale aktørane, samt Naturvernforbundet som observatør.

09.09.2025: Ope høyringsmøte, der kommunane i Vestland v/administrasjon var særskilt invitert.

Møtet vart leia av fylkesdirektøren.

09.09: Politisk høyringsmøte

Møte for folkevalde i kommunane, leia av fylkesordførar. Det var godt oppmøte.

16.09: Møte med Statens Vegvesen

23.09: Deltaking i KS fylkesstyre sitt møte

Prosjektleiarane presenterte høyringsutkastet, før det blei opna for spørsmål, munnlege innspel og diskusjon. Fylkesstyret gjorde følgjande vedtak:

Fylkesstyret i Vestland har behandla saken i møte 23.09.2025 sak 19/25: *I samsvar med saksutgreiing datert 08.09.25 drøfta Fylkesstyret i KS Vestland saka. Fylkesstyret har følgjande innspel til Vestland fylkeskommune og kommunane i Vestland: - Kort frist for innspel gjer at mange kommunar ikkje vil kunne medverke og gje innspel til planprogrammet innan 20. oktober. - Viktig at dette blir planar på eit overordna nivå og ikkje legg unødvendig detaljerte ambisjonar som gjer at fylkeskommunen blir oppfatta som ein «overkommune». Viktig at ein bevarer kommunen som planmynde. - VLFK fekk støtte i å utarbeide eit planverk som er forenkla og erstattar eit fleirtal av eksisterande regionale planar.*

Orientering til fylkeskommunale råd og utval

Det regionale rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Vestland ungdomsutval har gitt høyringsuttale (sjå enkeltinnspel, kap.3). Alle regionale råd og hovudutval fekk ei eiga orienteringssak som grunnlag for å komme med høyringsuttale.

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, den 22.08.2025
- Fylkeseldrerådet, den 25.08.2025
- Vestland ungdomsutval den 15.09.25

I tillegg har det vore orienteringssaker i hovudutvala:

- Hovudutval for næring den 26.08.2025
- Hovudutval for opplæring og kompetanse den 26.08.2025
- Hovudutval for samferdsel om mobilitet den 27.08.2025
- Hovudutval for kultur, idrett og inkludering den 28.08.2025

2. Overordna drøfting av innspel

Det er gjennomført ei grundig vurdering av alle fråsegner som har kome til planprogrammet. Vurderingane er samla og drøfta i fråsegnsrapporten, medan ei detaljert oversikt over alle innspel og tilhøyrande vurderingar går fram av eige vedlegg. Rapporten gir ei samla framstilling av hovudtema frå høyringa, vurderingar av desse og forslag til endringar og vidare oppfølging. På bakgrunn av innspela er det foreslått endringar i innretninga på planprogrammet, som vert nærare omtalt i kapitla under.

Etter ei samla vurdering er det gjort fleire redaksjonelle justeringar og nokre mindre endringar godkjent av styringsgruppa i planprogrammet. Innspel som ikkje har direkte konsekvens for utforminga av planprogrammet, vert tekne med vidare til planfasen og er ikkje nærare omtalt her.

Fylkesdirektøren vurderer at forholdet mellom regional plan og det kommunale sjølvstyret, verkemiddel i regional plan, temainndeling og detaljnivå er av vesentleg karakter, og vert derfor drøfta i overordna diskusjon i fråsegnsrapporten.

Forholdet mellom regional plan og kommunalt sjølvstyre

Dei fleste innspela støttar at planprogrammet legg opp til forenkling og betre samordning av det regionale plansystemet, som blir sett på som viktige grep for å styrke fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar.

Kommunane peikar i sine innspel på behov for at fylkeskommunen er tydeleg på si rolle i arealforvaltninga. Kommunen er arealmynde etter plan- og bygningslova og har ansvar for å forvalte arealressursane gjennom eigne planar og vedtak.

Etter plan- og bygningslova § 3-4 og kapittel 8 er fylkeskommunen regional planmyndigheit, med ansvar for å samordne planlegging på tvers av sektorar og forvaltningsnivå og for å ivareta regionale interesser. Kommunane er på si side arealmynde etter § 3-3 og har det formelle ansvaret for bruk og forvaltning av areal innanfor eigne grenser.

Lovgrunnlag:

- Arbeidet med regional plan skjer etter § 8 i plan- og bygningslova, som har reglar for innhald og prosess.
- PBL § 3-3: Kommunen skal leggje til rette for utvikling og samordna oppgåveløysing gjennom forvaltning av areal og naturressursar.
- § 3-4 Regional planlegging har til formål å stimulere den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i en region.
- PBL § 3-6: Statleg og regional myndigheit kan starte planarbeid der partane har felles ansvar for planoppgåver av regional eller nasjonal betydning, t.d. samordna areal- og transportplanlegging.
- I forarbeida til PBL; Ot.prp. nr. 32 (2007–2008) står det i kap 3.3.4.: *Viktige oppgaver knyttet blant annet til samferdsel, bolig- og næringsutbygging og viktige miljøvern-oppgaver, lar seg ofte* ***ikke løse på en god måte innenfor rammen av den enkelte kommune****, og krever felles løsning gjennom regionale planer.*

Statlege planretningslinjer (SPR 2025) for arealbruk og mobilitet, og klima og energi skal leggjast til grunn for all planlegging. Dei skal sikre ei balansert utvikling mellom vern og bruk, og bli praktisert med geografisk differensiering.
Dei regionale ansvarsområda som blir særleg vektlagt i SPR'ane:

- Samordna areal- og transportplanlegging
- Klima, energi og klimatilpassing
- Regional bustadplanlegging
- Lokalisering av offentleg verksemd og infrastruktur
- Rettleie og samordne mellom forvaltningsnivå

Fleire kommunar har kommentert korleis dei tolkar verknaden av ein regional plan, mellom anna meiner nokre kommunar at den ikkje er grunnlag for motsegn med mindre den inneheld regionale planføresegner og har konsekvensutgreiing. Verknad av regional plan går fram av §8-2 i PBL:

> *Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.*

Etter § 5-4 i plan- og bygningslova har både statlege og regionale myndigheit til å fremje motsegn til kommunale arealplanar i spørsmål av nasjonal eller regional betydning, og dersom kommunale planar er i strid med regional plan. Dette inneber at ein regional plan dannar grunnlag for å reise motsegn til kommunale planforslag, sjølv når det ikkje er knytt juridisk bindande føresegner til planen. Sjå drøfting av verkemiddel i neste kapittel.

Ei motsegn skal berre fremmast i saker som er av nasjonal eller vesentleg regionale interesser. Det er dei ansvarlege myndigheitene sjølv som etter skjønn avgjer om ein sak er av ein slik karakter. Ein regional plan vil vere med å skape føreseielege rammer for kva regionale interesser som vil bli vektlagt i vurderinga av kommunale plansaker.

Eit sentralt føremål i det regionale planarbeidet er å synleggjere og avklare dei regionale interessene og verdiane som krev samordning og felles forvaltning på tvers av kommunar og sektorar. Dette skal leggje til rette for at fylkeskommunen kan utøve si rolle som strategisk utviklingsaktør på ein tydeleg, føreseieleg og koordinert måte.

Verkemiddel i regional planlegging

Mange høyringsinnspel handlar om kva verkemiddel ein regional plan bør og kan ta i bruk. Moglege verkemiddel omfattar strategiske og tematiske kart, prosessuelle og materielle retningslinjer, planføresegner (§8-5), felles prinsipp for berekraftig arealforvaltning, rettleiingsmateriell, oppdatert kunnskapsgrunnlag, arealrekneskap, og system for rettleiing og samhandling mellom forvaltningsnivå. Planen skal òg bli følgt opp gjennom eit handlingsprogram som konkretiserer tiltak, ansvar og framdrift. Fylkeskommunen har også fleire roller som er relevant inn i eit regionalt planarbeid, i tillegg til å konkretisere rolla som regional planmyndigheit kan ein regional plan også legge rammer for korleis fylkeskommunen skal utøve rolla som koordinator og pådrivar for samfunnsutviklinga.

Høyringsinnspela står i eit spenn mellom forventningane til grad av styring og bruk av verkemiddel:

- Mange kommunar ønskjer ein strategisk og overordna plan som gir retning, men samtidig rom for lokalt skjønn.
- Statlege etatar og enkelte sektorinteresser ønskjer sterkare grad av detaljstyring, mellom anna gjennom bruk av regionale planføresegner.

Det går føre seg eit arbeid med å gå gjennom gjeldande regionale planar og temaplanar for å få ei samla oversikt over eksisterande arealføringar og korleis ulike verkemiddel i regionale planar blir nytta og fungerer i praksis. Føremålet er å styrke kunnskapsgrunnlaget for å vurdere kva verkemiddel som fungerer best for å ivareta regionale interesser og verdiar. Arbeidet skal vere ferdig mot slutten av 2025 og vil danne eit sentralt grunnlag for det vidare planarbeidet.

Fleire av kommunane ønskjer at planen skal bidra til auka innsats med rettleiing av kommunane. Dei ønsker at fylkeskommunen skal fasilitere prosessar, lage møteplassar for utveksling av kunnskap og erfaring, syne gode eksempel, bidra til kompetanseheving, økonomisk støtte med vidare, for å hjelpe dei å følgje nasjonale og regionale føringar og retningslinjer. Planen skal vere overordna og strategisk, men i handlingsprogrammet som følgjer planen vil det likevel vere naturleg å drøfte dei prosessane og verkemidla som er etterspurde. Det er verd å merke seg at dersom fylkeskommunen skal ta til følgje ønska om auka innsats vil det kunne få konsekvensar for fylkeskommunen sin ressursbruk og organisering som må følgjast opp i handlingsprogram og tiltak.

Ei regional planføresegn er det sterkaste regionale verkemiddelet i plan- og bygningslova og inneber midlertidig bandlegging eller byggeforbod. Regionale føresegner er juridisk bindande, også for private utbyggjarar, og har som verknad at det ikkje kan bli gjennomført særskilt gitte bygge- og anleggstiltak innanfor nærare avgrensa geografiske områder i ein periode på inntil 10år (kan forlengast med 5 år). Planer for tiltak og byggesaker som er omfatta av føresegna, må dermed ha samtykke av fylkeskommunen før dei kan bli gjennomført. Dette er eit inngripande verkemiddel som flyttar myndigheit frå kommunalt til regionalt nivå. Føresegnene har tilbakeverkande kraft og gjeld føre vedtekne reguleringsplanar. Føresegner er å rekne som forskrifter etter lova.

Regionale planar utan føresegner ikkje er juridisk bindande, men er retningsgivande for statleg og kommunal planlegging og verksemd. Det er verd å minne om at ein regional plan med retningsliner for arealbruk likevel eit grunnlag for å reise motsegn til kommunale planforslag. Ein overordna plan med tydeleg utforma retningslinjer vil dermed ta i vare behovet for regional styring og samordning og gi

tydeleg strategisk retning, samtidig som det vil vere rom for lokalt handlingsrom i kommunane sin planlegging.

Det har vore nytta planføresegner for handel både i gamle Hordaland og i Sogn og Fjordane. Bakgrunnen har vore mål om å styrke sentrumsutviklinga i heile fylket og sikre at etablering av handel bygger opp under eit slikt mål. Føresegnene er no under evaluering og den regionale planen bør vurdere om dette er ein praksis som bør vidareførast. Likebehandling av kommunar bør vere eit vurderingskriterium, men det bør og vurderast om målet kan bli oppnådd like godt ved bruk av andre verkemiddel.

Det er vurdert at den regionale planen bør nyttast som eit strategisk og samordnande styringsverktøy, der hovudvekta ligg på felles prinsipp, retningsliner og prosessuelle verkemiddel. Fylkesdirektøren meiner at arealføringar i ein regional plan sjeldan blir så presise at det er naturleg å bruke føresegner, og det vert ikkje tilrådd å nytte dette verkemiddelet med mogeleg unntak for handel. Meir bruk av føresegner kan skape unødig byråkrati og tungvinte prosesser utan at ein får betre måloppnåing. Andre verkemiddel kan òg bidra til betre styring og samordning mellom forvaltningsnivåa, og likevel opne for lokale tilpassingar. Dette gjeld til dømes strategiske kart, prosessuelle retningsliner, felles utviklingsprinsipp, eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og eit forpliktande handlingsprogram.

Temainndeling og detaljnivå

Fleire kommunar meiner at planprogrammet framstår som for detaljert, særleg under temaet *Berekraftig arealforvaltning*. Fylkesdirektøren deler vurderinga og vil justere temainndelinga og innretninga av planarbeidet for å følgje opp innspela frå høyringa og styrkje den strategiske retninga i planprogrammet.

Plantema regionsenter og transportstruktur

Fylkesdirektøren foreslår å løfte temaa *regionalt utbyggingsmønster* og *energi* ut frå temaet *Berekraftig arealforvaltning* og inn under plantema *Regionsenter og transportstruktur*. Endringa gjer det mogleg å reindyrke temaet mot regional infrastruktur og utbyggingsmønster, inkludert vurdering av prinsipp for lokalisering av regional hamn, som fleire høyringspartar har teke opp. Fleire høyringspartar har peika på at også luftfart og jernbane inngår i den regionale transportstrukturen og må omtalast i planprogrammet. Fylkesdirektøren meiner det er naturleg å inkludere luftfart og jernbane i plantemaet *Regionsenter og transportstruktur*.

Regionalt utbyggingsmønster

Deltema *Regionalt utbyggingsmønster* vert flytta frå temaet *Berekraftig arealforvaltning* til *Regionsenter og transportstruktur*. Dette gir eit meir heilskapleg og strategisk fokus på regional arealbruk, transport og infrastruktur.

Regional hamn

Planarbeidet skal vurdere behov og prinsipp for lokalisering av regional hamn som del av den samla transportstrukturen i fylket. Temaet skal sjåast i samanheng med gods- og næringstransport, klima- og miljøomsyn og mål om effektiv og berekraftig mobilitet. Planen skal ikkje fastsetje konkret lokalisering, men drøfte overordna kriterium og rammer som skal liggje til grunn.

Energi

Temaet energi blir foreslått flytta frå *Berekraftig arealforvaltning* til *Regionsenter og transportstruktur* for å avgrense energitemaet i planen til energiinfrastruktur. Endringa skal leggje til rette for å sjå energisystemet i samanheng med areal- og transportinfrastruktur og senterstruktur, og vurdere behov for betre samordning ut frå framtidige kapasitets- og utviklingsbehov.

Innanfor Berekraftig arealforvaltning vil energi framleis vere relevant som del av dei overordna og gjennomgåande prinsippa for berekraft, men utan å vere eige deltema.

Luftfart og jernbane

Fleire høyringsinnspel understrekar at luftfart og jernbane må inngå som del av den samla transportstrukturen i den regionale transportstrukturen. Fylkesdirektøren foreslår at desse områda skal bli sett i samanheng med anna infrastruktur i fylket på strategisk nivå, for å identifisere eventuelle utfordringar, samanhengar og utviklingsbehov.

Fylkesdirektøren sitt forslag til nytt namn på plantemaet vert etter desse endringane og justeringane: **Regionsenter, regionalt utbyggingsmønster og transportstruktur.**

Plantema berekraftig arealforvaltning

I arealsaker står ulike samfunnsomsyn ofte mot kvarandre – til dømes ønsket om å bygge ut mot behovet for å ta vare på viktige arealverdiar. Det kan òg oppstå konflikt mellom ønske om vekst og utvikling i byar, tettstader og næringsområde, og målet om å redusere transportbehovet. Målkonfliktar vil ikkje alltid kunne bli løyst, men det må bli prioritert mellom ulike omsyn og verdiar. Prioritering må skje i kvart einskild tilfelle, men regional plan kan bidra til at prioriteringane bygger på felles retningslinjer og prinsipp, og dermed vert meir føreseieleg. Fylkesdirektør tilrår at dette vert tydeleggjort i planprogrammet.

Den regionale planen skal bidra til å avklare og samordne slike interesser på tvers av kommunar og sektorar, og leggje rammar for vidare planlegging og arealforvaltning. Intensjonen i dette arbeidet er å gi strategisk retning og prinsipp for korleis ein kan vekte ulike interesser i enkeltsakene, og søke å differensiere kva omsyn som bør bli prioritert i ulike område. Gjennom å fastsetje prinsipp for regionalt utbyggingsmønster og retningsliner for arealbruk, kan planen bidra til å redusere konfliktar og fremje ein meir føreseieleg arealpolitikk. Planen kan og sette opp vilkår og føresetnader for å kunne omdisponere viktige arealverdiar. Den regionale planen har lagt UFF-prinsippet – *unngå, flytte, forbetre* – til grunn for vurdering av tiltak som medfører omdisponering av areal med viktige arealverdiar. Prinsippet skal bidra til at arealinngrep berre skjer der det er naudsynt, og med stor overvekt av samfunnsnytte. Når tap av arealverdiar ikkje kan bli unngått, skal det setjast inn tiltak som reduserer eller kompenserer for inngrepet.

For temaet *Berekraftig arealforvaltning* foreslår fylkesdirektøren ei justert innretning med vekt på overordna prinsipp og strategisk retning framfor detaljar om enkeltområder eller føremål. Målet er å løfte arbeidet til eit meir strategisk nivå, utan å gå i detalj på kvart deltema. Fokuset vert flytta frå enkeltståande arealføremål til eit meir heilskapleg perspektiv på dei regionale interessene, verdiane og utviklingsmoglegheitene knytt til arealbruk. Samtidig vil vi prøve i større grad å løfte fram samhandling, rettleiing og arbeid med felles kunnskapsgrunnlag. Diskusjonar om samfunnsnytte,

prioritering mellom ulike verdiar og vurdering av kvar utvikling er ønskjeleg, vil vere ein naturleg og sentral del av det vidare planarbeidet, og må byggje på den regionale arealpolitikken og føringane for differensiert arealforvaltning som vert lagt der.

Fylkesdirektøren tar innspela til etterretning og foreslår endringar i innretninga under tema *Berekraftig arealforvaltning*.

Plantema mobilitet og transport

Hovudinntrykket er at fleirtalet er samde i at det bør byggast vidare på gjeldande RTP i det vidare arbeidet, og at det er med på å gje kontinuitet til arbeidet. Evalueringa av gjeldande regionale planar, inkluderer RTP, og skal vere ferdig mot slutten av 2025. Arbeidet vil danne eit sentralt grunnlag for det vidare planarbeidet.

Enkelte høyringsinnspel uttrykker at det vert lagt for stor vekt på eksisterande vegnett, og at det i større grad bør fokuserast på utvikling av framtidig transportnett. Fylkesdirektøren viser til at overordna transportstruktur vert vidare handsama i plantema *Regionsenter, regionalt utbyggingsmønster og transportstruktur*.

Fleire innspel løftar fram kor viktig det er å styrkje samanhengen mellom gange, sykling og kollektivtransport, og å sjå dette i samanheng med sosial berekraft, universell utforming, folkehelse og tilgang til friluftsliv. Fylkesdirektøren deler vurderinga, og meiner at behovet for mobilitet til aktivitetar, tenester og målpunkt i dagleglivet er godt varetatt i planprogrammet.

Det blir òg peika på at tradisjonelle kollektivløysingar ikkje alltid er realistiske i distriktskommunar, og at alternative transportløysingar bør vurderast for å dekkje mobilitetsbehova i heile fylket. Fylkesdirektøren meiner planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med desse temaa.

Etter ei samla vurdering foreslår fylkesdirektøren nokre mindre justeringar og endringar i planprogrammet for å spisse og tydeleggjere innretninga og sikre at breidda i omsyn er varetatt.

Det er kome innspel om at forskjellen på plantema *Regionsenter og transportstruktur* og plantema *Mobilitet og transport* er noko uklårt utifrå namn på tema. Fylkesdirektøren foreslår å endre namn på plantemaet *Mobilitet og transport* til ***Mobilitet og transport<u>tilbod</u>*** for å tydeleggjere skiljet.

Planprosess, organisering og medverknad

Fleire høyringsinstansar, særleg kommunar, har uttrykt uro for om tidsplanen er realistisk. Innspela peikar på at ein stram tidsplan gir avgrensa moglegheit for politisk behandling og forankring i kommunane, og redusert rommet for brei medverknad frå andre aktørar. Samstundes er det eit tydeleg politisk ønskje om framdrift og resultat i inneverande styringsperiode.

Fylkesdirektøren føreslår ikkje endringar i framdriftsplanen på noverande tidspunkt. Det blir likevel understreka at tidsramma gir avgrensa moglegheit for omfattande involvering. Planen er lagt opp med seks vekers høyringsperiode, som er i tråd med minimumskrava i plan- og bygningslova. Ei forlenging av tidsplanen til mars–april 2027 ville kunne gi betre grunnlag for breiare medverknad, lenger

høyringsperiode og sterkare politisk forankring i kommunane. Dette spørsmålet blir løfta vidare til politisk vurdering.

Nokre innspel ber om konkretisering av opplegget for medverknad. Dette vil verte gjort på heimesida til planen og andre kommunikasjonskanalar når det er avklart.

Kunnskapsgrunnlag

Fleire høyringspartar kjem med innspel om kunnskapsgrunnlag som bør inngå som del av planarbeidet. Desse vil så langt som praktisk mogleg bli lagt til oversikten i kapittel 4 i planprogrammet, men alle innspela vil bli tatt med til vurdering i vidare planarbeid.

Det er og ein del innspel om behov for meir kunnskap og nye analyser. Fylkesdirektøren viser til ei stram framdrift og at planarbeidet i hovudsak må basere seg på allereie kjente analyser og kunnskap. Planen kan likevel kome til å peike på manglande kunnskap som bør bli innhenta eller utarbeida i oppfølginga av planen.

Samla vurdering

Samla sett viser høyringa brei støtte til hovudretninga i planarbeidet og til forenklinga av plansystemet. Innspela har gitt nyttige tilbakemeldingar som vil bidra til å gjere planprogrammet meir målretta, tydeleg og strategisk, samtidig som det blir lagt til rette for god samhandling mellom forvaltningsnivåa.

Fylkesdirektøren vurderer at dei føreslegne justeringane i temainndeling, verkemiddelbruk og framstilling vil styrke planprogrammet som ramme for vidare planarbeid og sikre ei balansert tilnærming mellom regional retning og kommunalt handlingsrom.

3. Vurdering av enkeltinnspel

Under følgjer ei oppsummering av alle innspela, sortert alfabetisk. Med lenke til kvar innsendar finn de høyringsinnspelet i sin heilskap. Framstillinga er i PDF format, som gjer at det er lita skrift, men dette kan de justere med å zoome inn og ut av dokumentet. Det er gjort ei grundig vurdering av alle innkomne fråsegner. Innspela er vurdert med tanke på om dei er av ein slik karakter at det bør gjerast justeringar eller endringar i planprogrammet. Fråsegnene er sortert i tre kategoriar etter korleis dei vert tatt med vidare. Nokre innspel er samansette og kategoriseringa er sett ut i frå dei viktigaste signala som er aktuelle. I mange høve er det glidande overgangar mellom kategoriane. Alle fråsegnene er også tilgjengeleg i fylkeskommunen sitt arkivsystem.

Innstilling frå fylkesdirektøren er fargemarkert i vurderingsfeltet for lettare oversikt:

Inga justering eller endring Innspel gjer ikkje grunnlag for justering eller endring i planprogrammet, men kan verte tatt til vurdering i vidare arbeid med planen.	Kategorien omfattar fråsegner som støtter opp under høyringsforslaget og som difor ikkje gjev grunnlag for endringar, eller som ikkje er i tråd med Utviklingsplanen, plan- og bygningslova eller nasjonalt rammeverk for planlegginga. Mange av innspela i denne kategorien handlar om det vidare arbeidet med den regionale planen, utan at dei gjev grunnlag for endringar i planprogrammet. Nokre innspel har betydning for regional plan for verdiskaping og kompetanse, og vert vidareformidla dit .
Redaksjonell justering, enkle språklege justeringar Innspel gjer grunnlag for justeringar som tydeleggjer eller konkretiserer formuleringar, men som ikkje påverkar innhaldet.	Kategorien omfattar innspel som gjev grunnlag for redaksjonelle justeringar, som å definere ord, presisere eller tydeleggjere formuleringar eller konkretisere tekst. Redaksjonelle justeringar omfattar ikkje endring av eller føremål for planen eller val av plantema.
Vesentleg endring Innspel gir grunnlag for vesentleg endring, som vert drøfta i politisk saksframlegg og krev politisk vedtak.	Kategorien omfattar innspel som gjev grunnlag for vesentlege endringar, som å endre føremål eller val av plantema eller gjere større innhaldsmessige endringar.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S
1	Navn på nærværd/kommune	*Oppfølging	Intern sortering	1. Plantema	Kommentar 1. Plantema	2.1 Gjennomgående omsyn	Kommentar 2.1 Gjennomgående omsyn	2.2 Regionsentre og transportknutepunkt	Kommentar 2.2 Regionsentre og transportknutepunkt	2.3 Bærekraftig arealforvaltning	Kommentar 2.3 Bærekraftig arealforvaltning	2.4 Mobilitet og transport	Kommentar 2.4 Mobilitet og transport	4. Kunnskapsgrunnlag og utfordring av konsekvensar	Kommentar 4. Kunnskapsgrunnlag og konsekvensar	5. Planprosess, organisering og medverknad	Kommentar 5. Planprosess, org. og medverknad	Generell merknad til planen	Kommentar generell merknad
